



Pressemelding 7. mai 2021

16 elevar og 6 tilsette i karantene

Elevane i 1. trinn på Sæbø skule må halde seg heime neste veke.

Fredag ettermiddag fekk Alver kommune melding om at to nye har testa positivt for koronavirus.

Eitt av tilfella er knytt til Sæbø skule. 16 elevar og 6 tilsette er nærkontaktar og må vere i karantene til og med laurdag 15. mai. Dei som bur ilag med nærkontaktane må vere i ventekarantene.

– Elevane på 1. trinn får ei veke med heimeskule. Dei føresette har fått informasjon om situasjonen i dag, og får meir informasjon den alternative skuleveka frå kontaktlæraren sin, fortel rektor på Sæbø skule, Trine Jansen.

Kontaktperson på Sæbø skule:

- Trine Jansen, rektor på Sæbø skule
Mobil: 977 78 017
E-post: trine.jansen@alver.kommune.no